



## Møteprotokoll

**Utval:** SOGN REGIONRÅD

**Møtestad:** Aurland barne- og ungdomsskule

**Møtedato:** 24.04.2019

**Tid:** 09:30 - 15:45

- A. Ordfører Noralv Distad ønske velkommen til Aurland  
B. Disse møtte:

<b>Faste medlemmar</b>
Jan Geir Solheim, ordfører Lærdal kommune Noralv Distad, ordfører Aurland kommune Harald N. Offerdal, ordfører Balestrand kommune Petter Sortland, ordfører Høyanger kommune Trude Risnes, varaordfører Leikanger kommune Ivar Kvalen, ordfører Luster kommune Olav Turvoll, ordfører Vik kommune Sandra Opheim, varaordfører Årdal kommune Forfall: Jarle Aarvoll, ordfører Sogndal kommune
<b>Medlemmar</b>
Karina Nerland, dagleg leiar Jarle Skartun, rådmann Luster kommune
<b>Andre</b>
Stein Harald Hjeltnes, dagleg leiar Njøs Næringsutvikling AS Holger Aasen, dagleg leiar Ungt Entreprenørskap Ståle Brandshaug, reiselivsdirektør Visit Sognefjord AS Øyvind Bang-Olsen, rådmann Naustdal kommune

- B. Innkalling godkjent utan merknader.  
C. Protokoll frå møtet 13.2.2019 godkjent utan merknader.  
D. Rådet deltok på entreprenørskapsmessa i Aurlandshallen

## Sakliste

Saksnr.	Arkivsaksnr. Tittel
<b>6/19</b>	19/1261 <b>Utvikling av frukt- og bærklyngja på Njøs i Leikanger - omstilling</b>
<b>7/19</b>	17/2963 <b>Masterplan for reiselivssatsinga i Sogn 2020-2035 - Kvalifisering for merket bærekraftig reisemål</b>
<b>8/19</b>	19/1550 <b>Sogn som arbeidsplassregion for offentlege arbeidsplassar - søknad</b>
<b>9/19</b>	18/4018 <b>Regionaliseringsprosessen i NAV</b>
<b>10/19</b>	18/4623 <b>Arbeidsgjevarkontroll</b>
<b>11/19</b>	19/1596 <b>Årsmelding og rekneskap 2018</b>
<b>12/19</b>	19/447 <b>Orienteringssaker Sogn regionråd</b>

**Sak 6/19**  
**Utvikling av frukt- og bærklyngja på Njøs i Leikanger - omstilling**

**Tilråding:**

Sogn regionråd oppmodar kommunane om å støtta utviklinga av frukt- og bærklyngja på Njøs og bidra med finansiering til etablering av Norsk bær- og fruktsenter i samsvar med finansieringsplanen i prosjektoptalen.

**Handsaming**

Det kom innspel om at løyvinga går som tilskot til eigedomsselskapet. Njøs Næringsutvikling gir si vurdering av alternativet og rådmannsgruppa vurderer dette. Viktig at regionen støttar arbeidet.

**Vedtak:**

Sogn regionråd oppmodar kommunane om å støtta utviklinga av frukt- og bærklyngja på Njøs og bidra med finansiering til etablering av Norsk bær- og fruktsenter i samsvar med finansieringsplanen i prosjektoptalen.

**Sak 7/19**  
**Masterplan for reiselivssatsinga i Sogn 2020-2035 - Kvalifisering for merket bærekraftig reisemål**

**Tilråding:**

Sogn regionråd løyver kr 225 000 av regionale utviklingsmidlar til Visit Sognefjord til masterplan for reiselivssatsinga i Sogn i 2020-2035 og berekraftig reisemålsutvikling.

**Handsaming**

Harald N. Offerdal gjekk frå som ugild.

**Vedtak:**

Sogn regionråd løyver kr 225 000 av regionale utviklingsmidlar til Visit Sognefjord til masterplan for reiselivssatsinga i Sogn i 2020-2035 og berekraftig reisemålsutvikling.

**Sak 8/19**  
**Sogn som arbeidsplassregion for offentlege arbeidsplassar - søknad**

**Tilråding:**

Sogn regionråd støttar opp om arbeidet med å utvikla Sogn som arbeidsplassregion for offentlege arbeidsplassar. Sogn regionråd løyver kr 100 000 av regionale utviklingsmidlar til nye Sogndal kommune til dette arbeidet.

**Handsaming**

Det kom framlegg om følgjande tilføyning:  
Sogn regionråd ønskjer å bli koplå tett på det vidare arbeidet.

**Vedtak:**

Sogn regionråd støttar opp om arbeidet med å utvikla Sogn som arbeidsplassregion for offentlege arbeidsplassar. Sogn regionråd løyver kr 100 000 av regionale utviklingsmidlar til nye Sogndal kommune til dette arbeidet.

Sogn regionråd ønskjer å bli kopla tett på det vidare arbeidet.

**Sak 9/19**  
**Regionaliseringsprosessen i NAV**

**Tilråding:**

Sogn regionråd vedtek følgjande fråsegn til NAV Vestland:

Region Sogn vart frå 1.1.2019 oppretta som ein av ni regionar i nye Vestland fylke. Etter opprettinga av dei nye regionane har det vore stor usikkerheit knytta særleg til økonomi. Vi har fått informasjon om at regjeringa har vedteke ein ny budsjettfordelingsmodell som gjer at dei tre regionane i tidlegare Sogn og Fjordane kjem dårleg ut og at region Sogn kjem spesielt dårleg ut. Det er tildelt i overkant av 6 millionar mindre til Sogn i år enn i 2018. Dei statlege stillingane som vart flytta ut til regionane då fylket vart lagt ned, i overkant av 5 stillingar, får ikkje med seg lønsmidlar frå 2020. Desse stillingane må finansierast av eksisterande budsjett i region Sogn, altså eit budsjett som alt er redusert pga den nye budsjettfordelingsmodellen. Det blir vidare opplyst at fordi det nye fylket har funne midlar frå dei andre regionane og omfordelt dei, er Sogn i år «kun» minus i overkant av 4 millionar.

Etter det vi får opplyst legg den nye budsjettfordelingsmodellen opp til å kanalisera pengane frå dei folkefattige områda med små problem til dei store folketette områda med større problem. Det er også ulik økonomi i dei ulike regionane, slik at nokre regionar har meir pengar enn andre.

Sogn regionråd er sterkt uroa for denne omfordelinga, som vil føre til svekka tenestetilbod frå NAV og færre tilsette og kontor i distrikta. Dette vil særleg ramme Sogn.

Tidlegare NAV Sogn og Fjordane kunne vise til dei beste resultatane i landet på overgang til arbeid for arbeidssøkjjarar, overgang til arbeid for personar med nedsett arbeidsevne, kontakt og samarbeid med næringslivet og tett oppfølging av sjukmelde. NAV-kontora i Sogn og Fjordane kunne vise til høge resultat i landstoppen innan den balanserte målstyringa som NAV bruker.

Sogn regionråd er opptekne av omlegginga i NAV ikkje medfører tap av kompetanse og dårlegare tenester for brukarane i regionen vår. Sogn regionråd meiner konsekvensane av den nye ressursfordelinga er store for vår region, og er sterkt uroa for at dette gir dårlegare tenester for våre brukarar.

**Vedtak:**

Sogn regionråd vedtek følgjande fråsegn til NAV Vestland:

Region Sogn vart frå 1.1.2019 oppretta som ein av ni regionar i nye Vestland fylke. Etter opprettinga av dei nye regionane har det vore stor usikkerheit knytta særleg til økonomi. Vi har fått informasjon om at regjeringa har vedteke ein ny budsjettfordelingsmodell som gjer at dei tre regionane i tidlegare Sogn og Fjordane kjem dårleg ut og at region Sogn kjem spesielt dårleg ut. Det er tildelt i overkant av 6 millionar mindre til Sogn i år enn i 2018. Dei statlege stillingane som

vart flytta ut til regionane då fylket vart lagt ned, i overkant av 5 stillingar, får ikkje med seg lønsmidlar frå 2020. Desse stillingane må finansierast av eksisterande budsjett i region Sogn, altså eit budsjett som alt er redusert pga den nye budsjettfordelingsmodellen. Det blir vidare opplyst at fordi det nye fylket har funne midlar frå dei andre regionane og omfordelt dei, er Sogn i år «kun» minus i overkant av 4 millionar.

Etter det vi får opplyst legg den nye budsjettfordelingsmodellen opp til å kanalisera pengane frå dei folkefattige områda med små problem til dei store folketette områda med større problem. Det er også ulik økonomi i dei ulike regionane, slik at nokre regionar har meir pengar enn andre.

Sogn regionråd er sterkt uroa for denne omfordelinga, som vil føre til svekka tenestetilbod frå NAV og færre tilsette og kontor i distrikta. Dette vil særleg ramme Sogn.

Tidlegare NAV Sogn og Fjordane kunne vise til dei beste resultat i landet på overgang til arbeid for arbeidssøkjjarar, overgang til arbeid for personar med nedsett arbeidsevne, kontakt og samarbeid med næringslivet og tett oppfølging av sjukmelde. NAV-kontora i Sogn og Fjordane kunne vise til høge resultat i landstoppen innan den balanserte målstyringa som NAV bruker.

Sogn regionråd er opptekne av omlegginga i NAV ikkje medfører tap av kompetanse og dårlegare tenester for brukarane i regionen vår. Sogn regionråd meiner konsekvensane av den nye ressursfordelinga er store for vår region, og er sterkt uroa for at dette gir dårlegare tenester for våre brukarar.

**Sak**           **10/19**  
**Arbeidsgjevarkontroll**

**Tilråding:**

Saka blir lagt fram utan tilråding.

**Handsaming**

Rådmann Jarle Skartun refererte frå rådmannsgruppa sitt arbeid med saka og understreka at det kan liggje eit mulig kompromiss for utviding av ordning og fortsatt samarbeid i «Lærdalsalternativet.» Ordførarane som uttalte seg støtta denne vurderinga.

Det kom følgjande framlegg til vedtak:

Årdal kommune blir oppmoda om å sjå på saka på nytt og støtta opp om «Lærdalsalternativet.»

**Vedtak:**

Årdal kommune blir oppmoda om å sjå på saka på nytt og støtta opp om «Lærdalsalternativet.»

**Sak**           **11/19**  
**Årsmelding og rekneskap 2018**

**Tilråding:**

Sogn regionråd vedtek årsmelding og rekneskap for 2018.

**Handsaming:**

Punkt om entreprenøriell verktøykasse vert teken inn i årsmeldinga.

## Vedtak:

Sogn regionråd vedtek årsmelding og rekneskap for 2018 med endringa som kom i møtet.

## Sak 12/19 Orienteringssaker Sogn regionråd

### Orienteringar og drøftingar

1. Leiar – fellesgåve til opning av Quality Hotel Sogndal
2. Innspel frå medlemmane – Vikafjellsvegen – kostnadsregulerande tiltak
3. Arbeidsgruppene
  - Helsegruppa:
    - Møte med Helse Førde 12.4: Helse Førde finansierer det som står att av ultralydutstyret
    - Desentralisert sjukepleiarutdanning – innspel om at regionrådet jobbar for å
4. Rådmannsgruppa
  - Skog i Sogn-prosjektet – vidareføring frå 2020
  - Arbeidsgjevarkontroll
  - NAV-regionalisering
  - Innkjøp og IKT
  - Kommunepsykologar
5. Administrasjonen
  - Integrering av innvandrara: Sogn for alle – innvandrara som ressurs i lokalt samfunns- og næringsliv. Kunnskapsparken utarbeider prosjektplan. Blir tema i næringsgruppa 6. mai.
  - Bustadutvikling – notat om vidareføring til neste rådsmøte.
  - Samarbeid om kommunepsykologar – felles utlysing er gått ut. Fagdag 30. april for å starte førebuingarbeidet for å ta imot ny fagprofesjon.
  - Psykisk helse – KLAPP: skulebasert utviklingsarbeid som rådet samarbeider med Høgskulen om. Det går invitasjon til skular om å vera med.
  - Veteranarbeidet – møte med veterankontaktane om felles arrangement i Sogndal 8. mai. Planarbeidet blir til hausten.
  - Klimatilpassing som miljøteknologisatsing: Møte i referansegruppa. Utgreiinga vil bli ferdig til 10. mai. Rapporten blir lagt fram for rådet i neste møte.
  - Inkluderingskonferansen 2019 – Samarbeid utsett frå april til 2. oktober.
  - Fornyings- og innovasjon i offentleg sektor – prosess der regionråda blir bedt om å gje innspel til fylkesprosjekta og i regionen. Rådmannsgruppa er bedne om å gje innspel
  - Programleiar – har sagt opp og stillinga blir lyst ut.
6. Orientering om satsinga på Njøs i Leikanger - utvikling av frukt- og bærklyngja ved Stein Harald Hjeltnes, dagleg leiar Njøs Næringsutvikling. Presentasjonen er lagt ved. Det kom innspel om at løyvinga går som tilskot til eigedomsselskapet. Njøs Næringsutvikling gir si vurdering av alternativet og rådmannsgruppa vurderer dette. Viktig at regionen støttar arbeidet.
7. Signering av avtaler om medlemsskap i Ungt Entreprenørskap.

8. Orientering om Masterplan og berekraftmerking av reisemålet Sogn og sykkelprosjektet Sognefjord Fjord Bike & Hike ved Ståle Brandshaug, reiselivsdirektør Visit Sognefjord. Presentasjonen er lagt ved.
9. Presentasjon av velferdsteknologi og responsfunksjonen ved Øyvind Bang-Olsen (video). Presentasjonen er lagt ved.

**Skriv og meldingar. Refererte.**

1. Norges Høgfjellskule er velkommen til Sogn, 5.3.2019
2. Opplæringstilbudet 2019-2020 innspel til fylkeskommunen, 26.3.2019

Jan Geir Solheim  
leiar

Olav Turvoll

Noralv Distad

Karina Nerland  
dagleg leiar